

# Soga om framandordet

*(Ein alternativ halvårsrapport av energiråd Ragnar Semundseth, mars 2023)*

Nok ein vinter gjekk mot slutten, og i Brussel byrja blomane som smått å stikke opp frå jorda. Det var som om heile byen pusta letta ut, etter å ha kome seg gjennom ein vanskeleg vinter prega av konflikt og energikrig. Heldigvis hadde vëret vore mildt, og vinteren hadde gått betre enn ein kunne frykte.<sup>i</sup>

No var det Ebba frå Svearike som var møteleiar når energi stod på dagsorden i EU-hovudstaden.<sup>ii</sup> Ho visste godt at sjølv om vårsola varma, var det viktig å ikkje la seg lura. For ein ny vinter ville kome om ikkje lenge. Og den kunne bli kaldare enn denne.

For å minne om dette, hadde ho invitert alle kollegaane til å vitje Vasa-staden i heimlandet hennar. Her låg det framleis snø og is i gatene, og ein sur februarvind strauk rundt hushjørna. For ytterlegare å streke under poenget, hadde Ebba invitert til eit gilde i den kalde skuggen av kong Gustav sitt gamle skip.<sup>iii</sup> Og ein segnomsust talknuser var henta inn for å rekne og forklare. Bodskapen var krystallklar: Energikrisa er ikkje over!<sup>iv</sup>

Ebba hadde hatt ansvaret for energien i Svearike sidan oktober året før. Men på berre denne korte tida hadde ho møtt dei europeiske kollegaane sine ei rekkje gonger. Førre haust var nemleg ein haust utanom det vanlege. Dei energi-ansvarlege hadde møttes til rådslag heile sju gonger. Det var ny rekord. Til gjengjeld hadde dei fatta vedtak mykje raskare enn nokon hadde gjort før dei. Det var ikkje rart forgjengaren Jozef hadde pusta letta ut, då han overrekte stafettpinnen til Ebba rundt vintersolverv.<sup>v</sup>

No var det heller ikkje slik at sveane hadde lite å gjere på si vakt.<sup>vi</sup> Dei skulle sørge for å byggje fleire solfangarar og vindfangarar enn nokon hadde sett før i desse traktene. Og dei nye installasjonane skulle plasserast både til lands og til vatns.<sup>vii</sup> Dei skulle òg sørge for betre bygningar, og meir grøn gas i røyra.<sup>viii</sup> Men så var det ein ting til som skapte hovudbry. Dei hadde nemleg fått eit framandord å stri med. Dette framandordet var «elmarknadsdesign», og det hadde ei mystisk klang. Det var få som heilt visste kva ordet tydde.<sup>ix</sup>

Alle europearar ynskja elektronar i husa sine, for lett å få tilgang til lys og varme. Elektronar følgde sine eigne vegar, og viss dei ikkje kom fram vart det bråk. Elektronar måtte komme fram dit dei trongst. Dette var alle samde om.

Alle var òg samde om at det var den såkalla elmarknadsdesignen som gjorde at elektronar kom dit dei skulle. Systemet gjorde at dei billegaste og grønaste elektronar kom i bruk fyrst, og at elektronar alltid kom til dei som trong det mest.<sup>x</sup> Men no var problemet at elektronar var for få, og at mange måtte betale altfor mykje for å få tak i dei.<sup>xi</sup> Det murra i gatene.

Alle var samde om at noko måtte gjerast. Men her stogga semja. For kva kunne ein eigentleg gjere?

Dei som budde i nord, var redde for at ein uforvarande skulle øydeleggje systemet som var bygd opp. «Viss problemet er for få elektronar, må svaret vere å skaffe fleire. Då hjelp det ikkje å tukle med eit system som har tent oss godt i ein mannsalder. Det vil gjere vondt verre». Dei

som budde i sør var usamde. «Vi må då kunne betre systemet utan å øydeleggje det», meinte dei.<sup>xii</sup> Midt i ordkløyveriet skulle Ebba frå Svearike finne ein mellomveg. Det var litt av ei sveineprøve.

Nordmennene følgde òg med på det som skjedde.<sup>xiii</sup> Deira elektronar var dei same som nabolanda sine, og endringar i elmarknadsdesignen ville difor vedgå dei òg. Nordmennene sette si lit til at Ebba ville finne ei god løysing. Ho var tross alt av norsk herkomst.<sup>xiv</sup>

Og skulle ho ikkje greie å løyse saka, ville det heite stridstemaet gå vidare til nokon som hadde erfaring med varme. Til sumaren var det nemleg spanjolane som overtok stafettspinnen.

---

<sup>i</sup> [‘Feels like summer’: Warm winter breaks temperature records in Europe – EURACTIV.com](#)

EU har lukkast godt i å stå imot Russland sin energikrig, ifølgje [EU sin energikommissær Kadri Simson](#). Medan EU importerte om lag 155 milliardar kubikkmeter (bcm) russisk røyrgas i 2021, var talet 62 bcm i fjor. I år er det venta at EU vil importere rundt 20 bcm røyrgas frå Russland, i tillegg til noko flytande naturgass (LNG).

EU har auka LNG-importen betydelig, ikkje minst frå USA. Samla auka LNG-importen frå 80 bcm i 2021 til 135 bcm i fjor. Import av røyrgass frå Noreg har også auka markert. Noreg [levarte 122 bcm naturgass](#) i fjor, altså rundt 1350 terawattimar (TWh). Dette var ein auke på åtte prosent sidan 2021, og Noreg dekkjer no meir enn 25 prosent av gassetterspørselen i EU og Storbritannia.

Veret spelar òg ei rolle. Den milde vinteren og dei høge energiprisane gjorde at straumforbruket i EU sank med 4,6 prosent i fjor, ifølgje ei [oversikt frå ACER](#). Det internasjonale energibyrået ([IEA](#)) estimerte at det milde veret reduserte EU sitt gassbehov med om lag 10 bcm i fjor haust. Samla gjekk [gassforbruket](#) ned med 19 prosent frå august til januar.

Dette betyr at EU går inn i den såkalla fyllingssesongen med halvfulle gasslager, noko som er eit ganske godt utgangspunkt når lagera skal fyllast før den neste vinteren. Her finn du ei oppdatert [oversikt](#) over fyllingsnivåa i europeiske gasslager.

<sup>ii</sup> Dette halvåret er det Sverige som har EU-formannskapet. Energi- og næringsminister [Ebba Busch](#) leiar energirådsmøta. Ho overtok som energi- og næringsminister i Sverige 18. oktober 2022.

<sup>iii</sup> Eit uformelt [energirådsmøte](#) vart arrangert i Stockholm 27. og 28. februar i år. Her var ministermiddagen lagt til Vasa-museet, der det segnomsuste Vasaskipet blir oppbevart. Ministrane var på førehand åtvare om at middagen kunne bli kjøleg. For som det står på museet sine [nettsider](#): «Kanske tycker du att det är kallt i museet? Det är för Vasas skull. Vi ser till att temperaturen är 18,5 grader och luftfuktigheten är 55 %. Det är perfekt för skeppet».

---

<sup>iv</sup> Sjefen for Det internasjonale energibyrådet (IEA) Fatih Birol var klar i sin tale til ministrane under møtet i Stockholm: Energikrisa er ikkje over. I desember i fjor la IEA fram ein [rapport](#) med den talande tittelen «How to Avoid Gas Shortages in the European Union in 2023». Her peiker IEA på at den komande vinteren kan bli betydeleg vanskelegare for EU enn denne: Det vil bli vanskelegare å skaffe seg flytande naturgass (LNG) på den internasjonale marknaden. Det kjem framleis rørygass frå Russland til enkelte EU-land, men dette kan brått ta slutt. Og det er ingen garanti for at neste vinter blir like mild som denne. Ut frå dette har IEA berekna at EU kan mangle opp mot 30 bcm naturgass neste vinter. Utan tiltaka som EU allereie har sett i verk, ville talet vore det dobbelte.

<sup>v</sup> Jozef Síkela leidde energiministtermøta i EU då Tsjekkia hadde EU-formannskapet hausten 2022. Han sette EU-rekord i antal møter på eit halvår, og gjentok stadig at «vi skal avhalde så mange energirådsmøter som naudsynt». På pressekonferansen etter det siste energirådsmøtet før jul, stilte han i [kvit hettegenser](#) med teksten «We will convene as many Energy Councils as necessary».

Gjennom rekka av energirådsmøter i fjor haust greidde EU-ministrane å bli samde om ei rekkje tiltak for å handtere energikrisa. Mellom anna: Regler for sparing av gass, reglar for reduksjon av straumforbruket (og tiltak for å få ned forbrukstoppane), eit inntektstak for selskap som produserer straum med låge operasjonskostnader, eit «solidaritetsbidrag» frå produsentar av fossil energi, ei mekanisme for felles innkjøp av gass i EU, raskare konsesjonsbehandling av solenergi og varmepumper, samt ein prisjusterings-mekanisme for gass.

<sup>vi</sup> Det svenske EU-formannskapet har mange saker på sin dagsorden dette halvåret:

- Fornybardirektivet: Det er foreslått endringar i fornybardirektivet i den såkalla «Fit for 55»-pakka frå 2021, i tillegg til fleire forslag i REPowerEU frå mai i fjor. Forslaga inneber mellom anna ein høgare ambisjon for fornybar energi, i tillegg til betydeleg raskare konsesjonsbehandling. Meir fornybar energiproduksjon i EU blir sett på som eit viktig tiltak for å redusere avhengnaden av russisk energi. Endringane i fornybardirektivet er no i siste fase i avgjerdsprosessen, det vil seie i trilog-forhandlingar mellom EU-parlamentet, Rådet og Kommisjonen.
- Energieffektiviseringsdirektivet: Denne saken har òg kome til trilog-stadiet. Å redusere energibruken er ein annan måte å gjere seg mindre avhengig av importert energi på.
- Bygningsenergidirektivet: Her er det også endringar frå «Fit for 55»-pakka, og frå REPowerEU. Her er det venta at trilog-forhandlingar byrjar i løpet av våren. Målet er at bygningar skal bruke betydeleg mindre energi, og det er særleg eit ynskje om å forbetre dei dårlegaste bygga. Europeiske bygg skal i høgt tempo utstyrt med varmepumper og solcellepanel.
- Forordning om reduksjon av metan-utslepp frå energisektoren. Forslaget vart fremja av Kommisjonen i desember 2021. Her vil truleg trilog-forhandlingar byrje i løpet av våren.
- Hydrogen- og avkarbonisert gass. Forslaga vart lagt fram av Kommisjonen i desember 2021. Trilog-forhandlingar vil truleg byrje i løpet av våren.
- Elmarknadsreformen. Denne kjem vi attende til straks.

<sup>vii</sup> Når det gjeld havvind, er ambisjonane store. EU sin [havvind-strategi](#) frå 2020 tek til orde for å auke talet på installert effekt frå 12 gigawatt (GW), til 60 GW i 2030 og 300 GW i 2050. [Nye tal](#) frå januar, viser at EU vil ha ein installert effekt på 111 GW allereie innan utgangen av dette tiåret.

<sup>viii</sup> Hydrogen og avkarbonisert gass vil spele ei stadig viktigare rolle i Europa framover. EU listar opp [ei rekkje tiltak](#) for å fart på hydrogen-satsninga. EU har eit mål om å produsere 10 millioner tonn grønt hydrogen årleg innan 2030, samt å importere ei like stor mengde.

<sup>ix</sup> Elmarknadsdesign kan omsetjast med «reglane for elektrisitetsmarknaden». EU-kommisjonen har sagt at reglene skal endrast, mellom anna for å skjerme forbrukarane for dei høge energiprisane på engros-marknaden.

---

<sup>x</sup> Vi skreiv nyleg [ein rapport](#), der vi prøver å forklare korleis EU sin elmarknad verkar og kva tiltak Kommisjonen har signalisert som aktuelle. Kommisjonen opna i januar ei [høyring](#) om reform av elmarknaden, og det er venta at eit konkret forslag blir lagt fram i midten av mars.

<sup>xi</sup> ACER sin [oversikt over engros-marknaden](#) viser ein dramatisk prisauke for straum i fjor. ACER-rapporten viser i tillegg at straumforbruket sank, men at CO2-utslippa frå straumproduksjonen auka grunna meir bruk av kol og gasskraft.

<sup>xii</sup> Tradisjonelt har nordiske EU-land vore sterke forsvararar av eit marknadsbasert system. Desse landa argumenterer med at hovudproblemet no er mangelen på energi, og at det er dette som driv prisane i veret. Svaret må difor vere auka energiproduksjon og energieffektivisering. Dei [fryktar konsekvensane](#) av ein forhasta reform av marknaden.

Fleire søreuropeiske land har signalisert ynskje om ein større grad av politisk inngrep i marknaden. For eksempel har Frankrike lenge ynskja ein reform av det dei kallar [ein «absurd» elmarknad](#), sidan det er fossile brensel som avgjer prisen for fornybar straum.

<sup>xiii</sup> Noreg har sendt Kommisjonen [dei norske synspunkta](#) på reform av EU sin energimarknad.

<sup>xiv</sup> Ebba Busch har dobbelt statsborgarskap, snakkar flytande norsk og feirar 17. mai i bunad, skal vi tru [Dagbladet](#).